



Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/1555 - 23/73910

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
22.09.2023

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 188/385 Gjervik ytre

**Tiltak:** Dispensasjon  
**Byggjestad:** Gbnr: 188/385  
**Tiltakshavar:** Alverporten As  
**Ansvarleg søkjar:** Arc Arkitekter As

Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering for 67 bilar på eigedomen gbnr 188/385, som ligg innanfor delområde BS7 i områdeplanen for Knarvik Sentrum.

Statens vegvesen har kome med merknadar til nabovarslinga, jf. brev datert 24.08.2023. Statens vegvesen har også gitt uttale i brev datert 16.08.2023. Dei vurderer at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er oppfylt.

### Planstatus

Parkeringsplassen skal etablerast delvis innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum med planid. 1263-201002, og delvis innanfor områdeplanen Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø med planid. 1263-201201.

Innanfor områdeplanen for Knarvik Sentrum er tiltaket i strid med føresegnssområde #12 som er mellombels rigg- og anleggsområde, jf. føresegn 3.2.6 d), og kravet om at all parkering skal skje i vertikalnivå 1, under bakken, jf føresegnene 3.1.9 og 3.2.6 d).

Innanfor områdereguleringsplanen for tunnel på FV. 57 er tiltaket plassert i strid med arealføremålet anna veggrunn grøntareal, o\_VG, gang- og sykkelveg, o\_GS, og veg o\_KV.

### Politisk handsaming

Saka vart behandla av Utval for areal, plan og miljø i møte 20.09.2023 i sak 119/23, der følgjande vedtak vart fatta:

#### **APM- 119/23 Vedtak:**

Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå områdeplanen for Knarvik sentrum for kravet om at parkering skal skje i vertikalnivå 1, jf. § 3.1.9, og anleggs- og riggområde #12, jf. 3.2.6.d, for etablering av overflateparkering på gbnr 188/385. Det vert også gitt dispensasjon frå arealføremåla anna veggrunn grøntareal, o\_VG, gang- og sykkelveg, o\_GS, og veg o\_KV i områdereuleringsplanen for tunnel på FV. 57.

Dispensasjonen vert gitt på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen er mellombels og opphører når anleggs- og riggområdet er frigitt og/eller eigedomen kan nyttast i tråd med regulert føremål.
2. Før det vert gjeve løyve til etablering av parkeringsplassen eller løyve til endring av godkjend tiltak på delområda BS7 og BS8, skal det liggja føre
  - a. tinglyst avtale om parkeringsrett, både til overflateparkering og i parkeringskjellar i framtidig bygg på gbnr 188/385, for godkjend bustad- og forretningsbygg på BS7 og BS8.
  - b. dokumentasjon/utgreiing som viser at nødvendige parkeringsplassar for godkjend tiltak på BS7 og BS8 også er sikra oppfylt dersom arealet skal takast i bruk til anleggs- og riggområde, eller i anleggsperioden ved oppføring av nytt bygg på eigedomen.
1. Privatrettsleg avtale om rett til etablering av avkøyrse over gbnr 188/389 må liggja føre før det vert gjeve løyve til å etablera parkeringsplassen.
2. Kulvert under veg skal etablerast for å sikra tilkomst til framtidig parkeringskjellar i del av BS7 som er bandlagt.
3. Løysing for overvasshandtering frå eigedomen må inngå i godkjend VA-rammeplan.
4. Det vert søkt om og gitt avkøyringsløyve til kommunal veg. Tilkomst til arealet må inngå i godkjend teknisk vegplan.

Vedtaket er gjeve med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §19-2, jf. §19-3 og §12-4 (Rettsverknad av reguleringsplan) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen for klagevurdering

Saksutgreiing med vedtak følgjer vedlagt.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

#### **Regelverk**

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om mellombels dispensasjon for etablering av overflateparkering - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
Revidert dispensasjonssøknad for parkeringsplass - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
Parkering faser  
Dispensasjonssøknad  
Uttale til revidert søknad - Etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum - gbnr 188 /385 Gjervik ytre  
Uttale VEG - i samband med revidert søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
Kommentar til uttalelse fra SVV  
2023-02-17 Merknad\_SVV  
Merknad til nabovarsel - gbnr 188/385 Gjervik ytre  
epost - Nabovarsel -

**Kopi til:**

Alverporten As  
Arc Arkitekter As

Radøyvegen 239  
Vestre Kanalkai 20

5911  
7010

ALVERSUND  
TRONDHEIM

**Mottakarar:**

Statens vegvesen  
Statsforvaltaren I Vestland

Postboks 1010 Nordre Ål  
Njøsavegen 2

2605  
6863

LILLEHAMMER  
Leikanger